

**Fra:** Kristin Kjærås (Kristin.Kjaeras@osteroy.kommune.no)

**Sendt:** 23.02.2016 12:46:13

**Til:** Eirik Knive

**Kopi:**

**Emne:** 16/3699 Rapportering - status prosjekt: Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder i Osterøy kommune

**Vedlegg:** Vedtak om oppstart av prosjekt for kartlegging og verdisetting av frilu(1).pdf

Hordaland fylkeskommune

v/Eirik Knive

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/4052 - 16/3699

Saksbehandlar:

Kristin Edith Abrahamsen Kjærås

kristin.kjaeras@osteroy.kommune.no

Dato:

23.02.2016

## Rapportering - status prosjekt: Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder i Osterøy kommune

02.12.2014 vart Osterøy kommune tildelt 60.000 kroner i samband med prosjektet Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder i Osterøy kommune. Osterøy kommune har per 22.02.2016 mottatt 75 prosent av desse midlane.

### Organisering

Hordaland fylkeskommune er koordinator for prosjektet. Planavdelinga i Osterøy kommune er lokal prosjektleiar. Ein har oppretta ei administrativ arbeidsgruppe og ei referansegruppe bestående av frivillige lag og organisasjonar, samt Bergen og Omland Friluftsråd (BOF).

### Status

03.06.2015 vedtok Formannskapet i Osterøy kommune (sak 055/15) oppstart av prosjektet kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder i Osterøy kommune. Prosjektet sitt formål, organisering og framdriftsplan vart presentert i sakspapiret (sjå vedlegg).

I løpet av 2015 vart det gjennomført fleire administrative arbeidsgruppemøter og 2 referansegruppemøter. Ein har i løpet av denne perioden kartlagt alle friluftslivsområder i strandsona og kvalitetssikra denne kartlegginga i referansegruppa. Strandssona har vore tolka i utvida forstand og ein har kartlagt over halvparten av kommunen sitt totale areal. Grunngjevinga for at ein starta med kartlegging i strandsona er det pågåande planarbeid med Kommunedelplan for sjø og strandesone i Osterøy kommune. Ein har digitalisert dette arbeidet.

I framdriftsplanen for prosjektet er det ein målsetnad at alle kartlagde friluftslivsområder i strandsona skulle ha vore verdsatt i løpet av 2015. Denne målsetnaden er ikkje nådd og ein vurderer at det vil vere hensiktsmessig å fullføre kartlegginga av heile kommunen sitt areal før ein gjennomfører verdsetting av desse områda.

Sjølv om ein ikkje har hatt moglegheit for å gjennomføre verdsetting av friluftslivsområder jamfør framdriftsplanen vurderer ein at prosjektet i sin heilskap vil kunne gjennomførast i samsvar med

framdriftsplanen. Bakgrunnen for denne vurderinga er at ein blant anna har valt å digitalisere kartlagde friluftslivsområder fortløpende, noko som vil redusere arbeidet seinare i prosessen.

Med helsing

Kristin Edith Abrahamsen Kjærås  
Planleggjar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

**Vedlegg:**

Vedtak om oppstart av prosjekt for kartlegging og verdisetting av friluftsområde i Osterøy kommune

**Mottakar:**

Hordaland fylkeskommune